

Forskrift for tømming av slamavskiljarar, tette tankar og minireinseanlegg

Vedteken i kommune:	Askvoll	Fjaler	Hyllestad	Sunnfjord
Saknr	08/21	144/20	20/085	121/20
Vedtaksdato	18.2.2021	17.12.2020	17.12.2020	10.12.2020

Fastsett med heimel i forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (ureiningsforskrifta) § 12-6, jf. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot ureiningar og om avfall (Ureiningslova) § 26, jf. § 30 tredje ledd og § 34.

§ 1. Formål

Forskrifta har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg innsamling, transport, behandling og disponering av slam frå slamanlegg i kommunen.

§ 2. Mynde

Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM) er eit interkommunalt renovasjonsselskap for kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Sunnfjord. SUM er av kommunestyra i eigarkommunane tildelt einerett for innsamling, transport og behandling av avløpsslam.

Kommunanes mynde etter denne forskriften til å fatte enkeltvedtak er delegert til Sunnfjord Miljøverk IKS med heimel i ureiningslova § 83.

§ 3. Virkeområde

Forskrifta gjeld tømming, transport og behandling av slam frå slamavskiljarar, tette tankar, minireinseanlegg, privet og andre slamanlegg kor kommunen er ureiningsmynde.

Alle eideommar mv. der det er slike anlegg skal være med i den kommunale ordninga og betale for tømming

Forskrifta gjeld også for tømming av tette oppsamlingstankar med ubehandla sanitært avløpsvatn og slam jf. Ureiningslova § 26.

Forskrifta fastset retningslinjer for slamgebyr. Kommunestyret fastset slamgebyrets størrelse årleg.

Oljeutskiljarar, feittutskiljarar og oppsamlingstankar for industrielt avløpsvatn eller liknande ikkje-sanitært avløpsvatn er ikkje omfatta av denne forskrifa.

§ 4. Rettleiing til forskrifa

SUM kan gi nærmare rettleiing for gjennomføring av forskriftas føresegner, irekna fastsette detaljkrav til:

- Plassering av slamanlegg og oppstillingsplass for slambil.
- Uynskja stoff
- Kontroll og tilsyn av slamavskiljarar og minireinseanlegg
- Tilleggstjenester
- Tømmefrekvens

§ 5. Definisjonar

Abonnent: eigar av eigedom som er omfatta av tømmeordninga jf. § 3. Ved bortfeste av eigedom for 30 år eller meir, blir fester rekna som abonnent om ikkje anna er avtalt. Det same gjeld når fester har rett til å få festet forlenga, slik at den samla festetida blir 30 år eller meir.

Avløpsvatn: Alle typar avløp frå hushald, fritidsbustader, verksemder og liknande som er omfatta av kommunale regler for avløps- og reinseanlegg under kommunal godkjenning. Her er også medrekna gråvatn, som er avløpsvatn frå bustadar og hytter utan vassklosett, og svartvatn som er avløpsvatn berre frå toalett.

Ordinær tømming: Planlagt tømming som skjer i den førehandsvarsla perioden kor tømming skjer i aktuelt område etter fastsett tømmefrekvens i samsvar med eigedommens utsleppsløyve.

Ekstratømming: Tømming utanom fastsett tømmeplan. Må bestillast av abonnent og skal utførast innan 3 døgn.

Tømmeplan: Ruteplan, fastsett av SUM, for å gjennomføre ein effektiv og rasjonell tømming av slam for eit større område. Tømmeplan tar omsyn til tømmefrekvens gitt i utsleppsløyvet.

SUM: Den instans som er gjeve ansvar for å utøve forskrifta. (sjå § 2)

Slamanlegg: slamavskiljarar, tette tankar, minireinseanlegg mv. for sanitært avløpsvatn.

Tette oppsamlingstankar: tankar for oppsamling av sanitærvatn utan avløp.

Unntak frå lovpålagt tømming og kontroll: eigedom permanent unntatt frå slamtømmingsordninga.

Fritak frå lovpålagt tømming av slamanlegg: Eigedommen er midlertidig frittatt frå slamtømmingsordninga.

§ 6. Kommunal innsamling av slam

I samsvar med Ureiningslova § 26 er det tvungen kommunal slamtømning frå mindre sanitæreranlegg. Alle eigedommar i kommunen kor det oppstår slikt slam er omfatta av slamtømmingsordninga. Ingen kan utføre tømming av slam frå sanitæreranlegg utan skriftleg samtykke frå SUM.

Ved tømming av anlegg kor det blir oppdaga feil eller manglar, vil det bli gitt melding vidare til kommunens ureiningsmynde som vil følge opp anlegget i samsvar med ureiningsforskrifta og lokale forskrifter.

Eigar pliktar å halde tilsyn med anlegget. Dersom anlegget ikkje blir tømt med vedteken tømmefrekvens, skal eigaren av anlegget ta kontakt med SUM for å sørge for at tømming blir utført. SUM er ikkje ansvarleg for skader og ulemper pga. tiltetting etc. Abonnenten plikter å halde tilsyn slik at overfløyming ikkje skjer.

Forskrifta gjeld i heile kommunen. Kommunen kan frita einskilde eigedommar eller geografiske område kor det ikkje er mogleg med tilfredsstillande tilkomst.

§ 7. Abonnentens plikter

Abonnenten skal sørge for at anlegg som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømming med bil. Overdekking av kumlokk o.l. med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonnenten før tømming. Abonnenten er pliktig til å halde ved like eige anlegg og omgående utbetre skader på anlegget.

Avløpsvatnet skal ikkje bli tilført uønskt stoff som medfører redusert slamkvalitet, redusert reinsegrad, helsefare eller andre miljølempar.

Abonnenten er pliktig til å melde frå om endring i tekniske installasjonar og anleggsutføring, jf. Plan- og bygningslovens føresegner.

Abonnenten plikter å opplyse, samt på eige initiativ å innhente informasjon om forhold som kan ha innverknad for eige anlegg.

Abonnenten plikter å innordne seg SUM sin tømmeplan. Det er eigars plikt å sørge for at tømming blir utført. Eigar må ta kontakt med SUM dersom tanken skal tømmast utanom den fastsette tømmeplan, eller dersom SUM ikkje har registrert tømmefrekvens i samsvar med forskrifter eller gitt utsleppsløyve.

Berre toalettpapir, avløpsvatn og urin/ekskrement kan skylast ned i tanken. Ved tømming av slamavskiljarar blir innhaldet suge opp og separert, reinsa vatn blir returnert på tanken. Ved tømming av tette septiktankar blir heile tanken tømt utan retur av reinsa vatn. Tanken må ikkje innehalde framandelement som f.eks. Q-tips, bleier, bind, våtserviettar, mobbar, tekstilar etc. Det er også viktig at tanken ikkje blir tilført større mengder med frityrolje osv. Dette må i staden bli levert i tette behaldarar på en gjenvinningsstasjon. Ureining kan føre til at tanken ikkje lar seg tømme.

Slike framandelement løyser seg därleg opp og tettar og øydelegg rør, slangar og filtre i avvatningseiningerne. Dersom husstanden gjentatte gonger kastar framandelement eller anna i tanken som skaper driftsproblem for slambehandlinga, kan abonnenten bli belasta med ekstra behandlingsgebyr.

Når ein eide dom med eige slamanlegg blir kopla til offentleg kloakksystem skal det gjennomførast ei sluttømming slik at alt sanitærvatn blir behandla på godkjent måte.

§ 8. *Tilkomst eller hindringar*

Plassering av nye anlegg må godkjennast av kommunen før utsleppsløyve blir gitt. Det må være køyrbar tilkomstveg fram til slamanlegget. Tilkomstvegen skal ha snuplass, kurvatur og stigningsforhold slik at det kan køyrast med slambil, evt. anna slamkøyretøy. ~~Tilkomst følger føresegner i rettleiinga.~~

Anlegg som er plassert vanskeleg tilgjengeleg og krev ekstraordinære tiltak, tømmast etter føresegner regulert i rettleiinga.

Det skal takast mest mogleg omsyn til kva for ei årstid som gir den beste framkomst til den enkelte abonnent. Ut over dette har ikkje den som tømmer eller SUM ansvar for skade på og vedlikehald av privat veg og plass, med mindre det kan påvisast aktløyse.

Hele anlegget må kunne tømmast frå same oppstillingsplass, og botntank kan være maksimum 6 meter lågare enn høgaste terrengpunkt mellom botntank og oppstillingsplass. Avstand frå oppstillingsplass på veg og til tank skal være maksimalt 30 m.

SUM eller den som tømmer har ikkje ansvar for skade på og vedlikehald av privat veg og plass, med mindre det kan påvisast akløyse.

Dersom abonnenten ikkje har køyrbar tilkomstveg for slamtømmekøyretøy, kan SUM pålegge at abonnenten utbetrar tilkomsten, eller at abonnenten sjølv sørger for at slammet blir frakta bort og behandla på ein helse- og miljømessig god måte. Slamhandteringen skal godkjennast av SUM.

§ 9. Tilgjengelegheit til anlegget

Den som tømmer anlegget har rett til å plassere nødvendig utstyr på eigedommen for å få utført tømminga.

Dersom abonnenten etter førehandsvarsle ikkje har klargjort slamanlegg inkl. tilkomstveg for tømming, eller frakta fram slammet mv., blir ikkje ordinær tømming gjennomført. Abonent må da bestille ekstratømming.

§ 10. SUM sine plikter

SUM plikter å informere om den kommunale ordninga og sørge for at innsamling og behandling av slam frå eigedommar som er omfatta av forskrifter, blir gjennomført.

Tømming av slamanlegg skal gjennomførast etter eit fast mønster. For å dekke abonnentanes ulike behov skal SUM i tillegg til ordinær tømming kunne tilby ekstra- og nødtømming.

Skader som skuldast akløyse frå SUM si side, vil SUM utbetre uavhengig av eigartilhøve til tanken.

Tømminga skal utførast slik at bebruarane ikkje blir sjenert av unødig lukt og støy. Anlegget skal etterlatast i lukka stand. Grinder, porter, lokk og dører skal lukkast. Innsamlingseiningane skal være slik innretta at tømming og transport kan skje på ein hygienisk og estetisk måte.

SUM har rett til å tilbakeføre rejektvatn (reinsa avløpsvatn) frå innsamlingseininga til slamanlegga som blir tømd. Tette tankar vert heilt tømde

§ 11. Tømmefrekvens

Type anlegg	Tømmefrekvens
Eigedommar med fast busetnad og med minireinseanlegg	Kvart år
Eigedommar med fast busetnad som er kopla til slamavskiljar	Kvart 2. år
Eigedommar utan fast busetnad (hytte og fritidseigedommar) som er kopla til slamavskiljar	Kvart 4. år
Tette tankar	Kvart år

For eigedom med slamanlegg inntil $3m^3$, skal anlegget (alle kammer) tømmast kvart år. For eigedom med slamanlegg over $3m^3$ skal anlegget (alle kammer) tømmast kvart andre år.

Fellesanlegg skal tømmast kvart andre år når den enkelte abonnents andel er $3m^3$ eller meir. Andre fellesanlegg skal tømmast kvart år.

For minireinseanlegg plikter den enskilde abonnent å inngå serviceavtale ved installasjon av anlegg. Minireinseanlegg blir tømt på tilkall frå abonnenten. Dersom abonnenten ønsker rutinemessig tømming av minireinseanlegg innanfor ordinær tømmeplan kan abonnenten søke SUM om dette.

I særlege høve kan SUM etter søknad frå abonnenten fastsetje annan tømmefrekvens enn det som er innteke ovanfor. Ved behandling av søknaden vil anleggets alder og tekniske standard bli vurdert, mellom anna med omsyn til belastning (utsleppsmengd). Ved evt. godkjenning av endra frekvens vert gebyret også endra, jf. gebyrforskrift. Det vert ikkje godkjent tømmefrekvens sjeldnare enn kvart 4. år.

SUM kan pålegge abonnent anna tømmefrekvens viss det er vurdert som naudsynt. SUM sin tømmeplan skal maksimalt variere med åtte veker i forhold til fastsette tømmefrekvens og siste utførte tømming.

§ 12. *Gebyr*

I medhald av ureiningslova § 34 kan kommunen krevje gebyr frå abonnentane som er omfatta av ordninga. Sjølv om abonnenten nektar tømming eller at tømming av ein anna grunn ikkje finn stad skal det likevel betalast gebyr.

Abonnenten skal betale eit årleg gebyr. Avgiftsplikt gjelder frå den 1. i månaden utsleppsløyve er gitt. Gebyret varierer etter størrelsen på anlegget og blir fastsett årleg av kommunen.

Gebyrer for slamtømming med påkomne renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelovens § 6-1. Om renteplikt ved for sen betaling, tilbakebetaling og inndriving av renovasjonsgebyr gjelder reglane i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarende.

§ 13. *Unntak*

SUM kan i spesielle tilfelle og etter søknad, gi dispensasjon frå denne forskrifta. Dersom det er argument for anna tømmefrekvens enn angitt i regulativ 1-9 kan abonnent søkje om endring i denne. Frekvens kan berre justerast slik at dei vert tilpassa ordinære tømmerunder. Søknaden må være grunngitt, og medhald må ikkje medføre ureiningsfare.

Etter søknad kan SUM gi fritak for gebyr når gebyrpliktig eigedom har stengt av tilførsel av vatn og til tank, og disse er plombert av godkjent røyrleggjar. Tanken skal tømmast før plombering. Ved innvilga søknad om fritak blir abonnementet avslutta frå 1. termin etter at stadfesting om plombert tank er mottatt. Kostnader ved plombering og evt. opning blir bestilt/dekkes fullt ut av abonnenten.

SUM kan i spesielle tilfelle etter søknad gi dispensasjon frå ein eller fleire av føresegner i forskrifta. Det er en forutsetning at en slik dispensasjon er i tråd med forskriftas formål. Det kan settast vilkår ved dispensasjonen.

§ 14. *Tilsyn*

SUM fører tilsyn med at forskriftas føresegner blir overhalde og fattar enkeltvedtak i samsvar med forskriftas føresegner.

§ 15. Klage

Forvaltningslovas regler gjeld for behandling av saker etter denne forskrifta .

Klage på enkeltvedtak med heimel i denne forskriften skal settast fram for SUM. Viss SUM står ved vedtaket blir det oversendt til særskild klagenemnd for SUM. Klagenemndas vedtak kan ikkje klagast på, men kan bringast inn for dei alminnelege domstolane.

§ 16. Sanksjoner og straff

SUM kan pålegge den enkelte abonnent å utbetre eller etablere nye slamanlegg viss dette er naudsynt for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i anlegget, for å sikre god behandling av slammet eller for å hindre at det oppstår unødige utslepp.


Brot på denne forskriften kan straffast med bøter jf. Ureiningslova kapitel 10 § 79 annet ledd.


§ 17. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1.1.2021

Denne forskriften erstattar «*Kommunal forskrift for innsamling m.v. av hushaldningsavfall, tøming av slamavskiljarar, tette tankar m.v. og for gebyr for renovasjon og slamtøming (kalla renovasjonsforskrifta).*» vedtatt av kommunane Askvoll, Fjaler, Førde, Gauldal, Hyllestad, Jølster og Naustdal i følgande vedtak

	Askvoll	Fjaler	Førde	Gauldal	Hyllestad	Jølster	Naustdal
Saksnr	76/04	70/04	26/04	47/04	55/04	24/04	21/04
Vedtaksdato	04.06.04	15.06.04	27.05.04	01.07.04	05.05.04	22.06.04	17.06.04





Sunnfjord Miljøverk IKS
Kloppstadvegen 310
6815 Førde

ASKVOLL
KOMMUNE

FJALER
KOMMUNE

TLF: 57 72 41 50
e-post: sum@sum.sf.no
www.sum.sf.no

HYLLESTAD
KOMMUNE

Konto nr.: 3720 14 73129
NO 970 921 915 MVA

SUNNFJORD
KOMMUNE